



DET KONGELEGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Prop. 17 S

(2013–2014)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2013 under Landbruks- og matdepartementet

*Tilråding frå Landbruks- og matdepartementet 22. november 2013,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Innleiing

Landbruks- og matdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar i løyvingar under enkelte kapittel og postar i statsbudsjettet for 2013.

2 Framlegg til endringar i løyvingar under kapittel og postar i 2013

Kap. 1115 Mattilsynet

Post 01 Driftsutgifter

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga på posten med 1,6 mill. kroner ved omdisponering frå kap. 1115, post 23. Departementet har også mottatt ei innbetaling på 3 mill. kroner som inntil vidare er postert på mellomrekneskapskonto. Det blir gjort framlegg om at dette beløpet blir overført til kap. 4115, post 02, mot tilsvarende auke av kap. 1115, post 01.

Det blir gjort framlegg om ei samla auke av posten på 4,6 mill. kroner til Mattilsynet sitt arbeid med husdyrregisteret, felles ID-nummer og innføring av RFID-merking (strekkode) av storfe.

Post 22 Reguleringspremie til kommunale og fylkeskommunale pensjonskassar

Alle etterbetalingar som følge av forliket mellom staten og Overføringsavtalens Sikringsordning om reguleringspremie for ansatte i tidlegare kommunale næringsmiddeltilsyn, er effektivt.

På bakgrunn av oppdaterte prognosar blir det gjort framlegg om at løyvinga på posten blir auka med 2 mill. kroner.

Post 23 eSporingsløysinga

Arbeid finansiert under post 23 eSporingsløysinga er i hovudsak avslutta. Det blir gjort framlegg om at løyvinga på posten blir omdisponert med 1,6 mill. kroner til Mattilsynet sitt driftsbudsjett og 1,5 mill. kroner til Noregs forskingsråd, sjå omtale under kap. 1115, post 01 og kap. 1137, post 50.

Samla gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga på posten med 3.1 mill. kroner.

Post 71 Tilskott til erstatningar

På posten blir lovbestemte betalingsforpliktelsar for staten ført. Dette omfattar bl.a. dekning av utgifter til naudhjelp til dyr utan kjent eigar og utgifter som ikkje kan inndrivast frå den som etter

lova har betalingsplikt. Posten er ei overslagsløyving.

Det har vore større utbetalingar til erstatningar enn forutsatt. For å sikre ei meir realistisk budsjettering foreslår departementet å auke posten med 3,3 mill. kroner, til 4,4 mill. kroner.

Kap. 1137 Forsking og innovasjon

Post 50 Forskingsaktivitet, Noregs forskingsråd

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga på kap. 1137, post 50 med 1,5 mill. kroner, mot tilsvarende reduksjon under kap. 1115, post 23. Auken er retta mot etablering av eit matpilot-anlegg i regi av UMB og NOFIMA med nødvendig utstyr som er viktig for forskinga på mattrygghet.

Kap. 1148 Naturskade – erstatningar

Post 71 Naturskade, erstatningar

Løyvinga for 2013 er på 190 mill. kroner. Perioden 2011 til 2013 har vore prega av fleire store naturskadehendingar. Det blir gitt tilsegn om erstatning med ein utbetningsfrist på 3 år, medan utbetaling skjer når skaden er gjenoppreta. Mange av sakene etter ekstremvera «Berit» og «Dagmar» i november og desember 2011 har først komme til utbetaling i 2013. I tillegg har mange saker etter flaumskadane i Indre Troms, Buskerud og Vestfold sommaren 2012 komme til utbetaling i inneverande år. Ein del av sakene etter storflaumen på Austlandet i pinsen 2013 vil også bli handsama i 2013. Mesteparten av desse sakene vil imidlertid først bli handsama i 2014 og seinare. Desse skadehendingane har til saman resultert i langt fleire gitte tilsegn om erstatning og større erstatningsutbetalingar enn i eit normalår.

På bakgrunn av oppdaterte prognosar gjer departementet framlegg om å auke løyvinga på posten med 64 mill. kroner.

Kap. 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.

Post 71 Tilskott til erstatningar m.m.

Basert på gjeldande prognosar ligg det an til eit overforbruk på 68,4 mill. kroner.

Overforbruket er basert på registrerte søknadar for tilskott til reparasjon av overvintringsskadar på eng, og prognosar frå fylkesmennene for dei øvrige delordningane. Løyvinga over posten er ei overslagsløyving, og erstatningar blir gitte i tråd

med regelverk fastsett av Stortinget. Formålet med å gi tilskott til reparasjon av vinterskadd eng er å oppnå avlingar inneverande år slik at utbetalingane for avlingsskadar blir begrensa. Svært mange produsentar fekk i år store overvintringsskadar på eng. Ein stor del av desse skadane skjedde i Rogaland og på Vestlandet, men nesten heile Sør-Noreg var berørt. Vidare var det ein svært nedbørrik vår med flaum, vannskadar og forseinka våronn over store områder i Sør-Noreg. Det er betydeleg avlingssvikt både på korn og gras i fleire områder, men også bærproduksjonen har fått store klimaskadar i enkelte fylker.

Departementet gjer framlegg om å auke kap. 1150, post 71 med 68,4 mill. kroner.

Post 73 Pristilskott

Basert på gjeldande prognosar ligg det an til eit underforbruk på posten tilsvarende 108,2 mill. kroner.

Dei reviderte prognosane for post 73 viser noko større utbetalingar av distriktstilskott til kjøtt og melk enn i budsjettet. Det skuldast noko auka volum, som følgje av fleire slakt og høgare slaktevekter enn det som blei lagt til grunn i budsjettet. I plante- og fruktproduksjonen har låge avlingar medført reduserte prognosar for utbetaling av pristilskott over store delar av landet. Dette gjeld både distrikts- og kvalitetstilskott til frukt, bær og grønnsaker, matkorntilskott og prisnedskrivningstilskott til norsk korn.

Departementet gjer difor framlegg om ein reduksjon i løyvinga tilsvarende 108,2 mill. kroner, til 2 294,1 mill. kroner.

Kap. 1151 Til gjennomføring av reindriftsavtalen

Post 51 Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet

Grunna eit mindreforbruk på post 75 under samme kapittel og eit behov for å styrkje Reindriftens utviklingsfond, blir det gjort framlegg om å ompostere 5 mill. kroner til post 51.

Det blir gjort framlegg om at kap. 1151, post 51 blir auka med 5 mill. kroner.

Post 75 Kostnadssenkende og direkte tilskott

I tråd med omtale under kap. 1151, post 51 blir det gjort framlegg om at kap. 1151, post 75 blir redusert med 5 mill. kroner.

Kap. 4115 Mattilsynet*Post 01 Gebyr m.m.*

Revidert prognose for posten er 102 mill. kroner. Dette er 22,7 mill. kroner lågare enn løyvinga. Dette gjeld hovudsakleg lågare proveny frå gebyr for kjøttkontroll. Departementet gjer framlegg om å redusere posten med 22,7 mill. kroner for inneverande budsjettår for å sikre realistisk budsjettering.

Post 02 Driftsinntekter og refusjonar mv.

Etter ei tilbakebetaling, jf. omtale under kap. 1115, post 01, står det 3 mill. kroner på ein mellomreknekapkonto. Det blir gjort framlegg om at desse midlane blir tilført Mattilsynet sitt inntektskapittel 4115, post 02, mot tilsvarende auke på kap. 1115, post 01.

Departementet gjer framlegg om å auke inntekstposten med 3 mill. kroner.

Kap. 4150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.*Post 85 Marknadsordninga for korn*

Verdsmarkedsprisane på proteinråvarer har vore så høge gjennom heile året at det ikkje er ilagt prisutjanningsbeløp på soya og fiskemel i 2013. Dette vil innebere ei mindreinntekt på vel 59 mill. kroner samanlikna med budsjett 2013.

Departementet gjer framlegg om å redusere posten med 59,5 mill. kroner.

Kap. 4162 Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap*Post 90 Avdrag på lån*

Posten gjeld tilbakebetaling av det statlege lånet Statskog SF fekk i samband med kjøpet av Orkla sine skogeigedommar i 2010. Statskog SF forventar at delar av inntektene frå arronderingssalget i 2013 ikkje vil komme før i 2014, og forventar avdrag frå salgsinntektene i 2013 blir difor redusert frå 50 mill. kroner til 25 mill. kroner. I tillegg har foretaket innbetalt 200 mill. kroner som eit ekstraordinært avdrag på lån i 2013.

Det blir gjort framlegg om at løyvinga på kap. 4162, post 90, blir redusert med 25 mill. kroner, til 225 mill. kroner.

Kap. 5651 Aksjar i selskap under Landbruks- og matdepartementet*Post 85 Utbytte*

For å sikre realistisk budsjettering blir det gjort framlegg om ei auke av løyvinga på posten med 6,1 mill. kroner knytta til utbytte frå Graminor AS, Kimen Sävarelaboratoriet AS og Veso.

3 Andre saker*Auka tilsegnfullmakt, naturskade*

Kap. 1148 post 71 er ei overslagsløyving, og skadeerstatningar blir gitte etter nærare fastsette reglar. Oppdaterte prognoser viser at det vil bli gitt tilsegn om erstatningar i 2013 som ikkje vil komme til utbetaling same året. Landbruks- og matdepartementet foreslår difor å auke tilsegnfullmakta for 2013 med 39,8 mill. kroner, til 125 mill. kroner.

Landbruks- og matdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2013 under Landbruks- og matdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2013 under Landbruks- og matdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2013 under Landbruks- og matdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2013 blir det gjort følgende endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1115		Mattilsynet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 1 210 688 000 til kr 1 215 287 000	4 599 000
	22	Reguleringspremie til kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser, blir auka med frå kr 53 323 000 til kr 55 323 000	2 000 000
	23	eSporingsløysinga, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	3 099 000
		frå kr 3 099 000 til kr 0	
	71	Tilskott til erstatningar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 1 131 000 til kr 4 431 000	3 300 000
1137		Forsking og innovasjon:	
	50	Forskingsaktivitet, Noregs forskingsråd, blir auka med frå kr 233 893 000 til kr 235 393 000	1 500 000
1148		Naturskade – erstatningar,	
	71	Naturskade, erstatningar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 190 000 000 til kr 254 000 000	64 000 000
1150		Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	
	71	Tilskott til erstatningar m.m., <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 40 000 000 til kr 108 400 000	68 400 000
	73	Pristilskott, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 2 402 200 000 til kr 2 294 050 000	108 150 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
1151		Til gjennomføring av reindriftsavtalen	
	51	Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet, blir auka med frå kr 47 700 000 til kr 52 700 000	5 000 000
	75	Kostnadssenkande og direkte tilskott, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 50 400 000 til kr 45 400 000	5 000 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4115		Mattilsynet	
	01	Gebyr m.m., blir redusert med frå kr 124 692 000 til kr 101 992 000	22 700 000
	02	Driftsinntekter og refusjonar mv., blir auka med frå kr 5 253 000 til kr 8 253 000	3 000 000
4150		Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	
	85	Marknadsordninga for korn, blir redusert med frå kr 59 520 000 til kr 1000	59 519 000
4162		Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap	
	90	Avdrag på lån, blir redusert med frå kr 250 000 000 til kr 225 000 000	25 000 000
5651		Aksjar i selskap under Landbruks- og matdepartementet	
	85	Utbytte, blir auka med frå kr 5 000 000 til kr 11 053 000	6 053 000

Fullmakt til å pådra staten forpliktingar ut over gitte løyvingar

II

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2013 kan gi tilsegn om tilskott utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1148		Naturskade – erstatningar	
	71	Naturskade, erstatningar	125 mill. kroner

